

Tilvenning i barnehagen

Det finst berre to varige gåver vi kan håpe å gi barna våre. Den eine er røter, den andre er vengjer.

Hodding Carter



PG · 2013

Det første møtet med barnehagen legg grunnlaget for at barnet skal trivast. Foreldra og barnehagepersonalet gir saman barnet den beste starten i barnehagen.

- Både barnet og foreldra treng ein trygg kontaktperson i barnehagen.
- Gi barnet tid til å bli kjent med ute-og inneområdet i barnehagen, slik at det veit kvar det skal leike, ete og sove.
- Barnet har behov for både faste rutinar og spennande inntrykk, slik at det kan gle seg til å komme i barnehagen.
- Når barnet skal leverast er det viktig å ta seg god nok tid slik at det blir klart for å skiljast frå foreldrene og til å bli hos personalet.
- Gi barnet trøyst og medkjensle når det græt. Små barn blir meir stressa når dei blir avleidde.
- Skap gode leveringsrutinar og prøv å følgje dei. Når du har sagt ha det til barnet, bør du gå med det same. Ikkje blir verande for å snakke med personalet, det er forvirrande for barnet.
- Bruk tid saman med barnet – la det bestemme tempoet i tilvenninga.